

SPELTRADISJONAR.

Det eldste vi kjenner til om folkemusikk i Sunnfjord er frå første halvdel av 1600-talet. Christen Jenssøn som var prest i Askvoll, gav i 1694 ut ei «ordbok». Han skildra folkelivet på den tid og nemner m.a. dei instrumenta som var brukte. Det var munnharpe, belgpipe, sefran, («et spill med mange strenge»), haargie («kaldis en Bondeføyle»). Kva slags låt det var og korleis musikken var frå denne «Bondefela» veit ein ikkje.

Første spelemannen ein kan namngje, er Spele-Nils. Han var fødd i Nordfjord (1697), men kom tidleg til Ålhus i Jølster og budde der til han døydde i 1756. Av andre vi kjenner til var Mads Lundekvam i Gaular frå først på 1700-talet. «Kvernhusbakken» vart han kalla til vanleg. Lundekvam spelte hardingfele og var mest kjend for å ha spelt i ei likvake til ei småjente han mista.

Elles må vi nemne Jostein Kleppstølen (1747 — 1823) frå Naustdal, også kalla Spel-Jostein, Paal Fonn (1803 — 1881) og Samuel Dvergsdal (1807 — 1880), begge frå Jølster. Alle desse var blant dei fremste på den tid. Det same galdt Øystein Bratteteig (1825 — 1892) og Ludvig Holsen (1830 — 1892), begge frå Viksdalen i Gaular.

Paal Fonn var mykje i Bergen, Sogn, og Nordfjord, og på Sunnmøre og lærte spel der. Holsen var «skreppehandlar» og bytte nok mange slåttar på sine handelsreiser.



Anders Stedje (t.v.) og Gunnar Lundekvam.
(Foto: Joh. v.d. Fehr, Bergen. Utsnitt).

På 1800-talet vart det nytta instrument som langlur, kortlur, bukkehorn, seljefløyte, munnharpe og langeleik. Men det var hardingfela som dominerte. Tromme var også brukt i lag med fela, og då helst i bryllaup. Med mykje folk på dansegolvet kunne det vere vanskeleg å høyre spelet gjennom alt ståket. Men om tromma var med høyrde ein i alle fall takta. Somme stader vart det brukt noko dei kalla «trapparar». Det var ein eller fleire karar som sat ved sida av spelemannen og trampa takta. Med hæljarn under skoa gav det lyd som høyrdest.

I bryllaup hadde spelemannen nok å gjere. Han måtte kunne alle dei slåttane som høyrde til dei ulike seremoniane, heilt frå velkomstslått bryllaupsafta til reisetonar tredje bryllaupsdagen. Først når ein var komen så langt vart ein rekna for retteleg spelemann.

Dei beste hadde ikkje så ratt lite innkome av bryllaupsspelet. Presten Borchrevich sa ein gong til Johan Hestebeit (1845 — 1913) i Viksdalen at han måtte slutte å spele. Det var synd både med spelet og fela. «Ja», svara Hestebeit, «da e no levebrøde mitt — plent slik so preikinga er presten sitt». Dermed vart presten svar skuldig.



Ludvig Holsen (Foto: Biletsamlinga UBB).

Ein av dei som spelte i flest bryllaup var Gunnar Lundekvam (1820 — 1912) frå Gaular. Han skal ha vore spelemann i over 700 bryllaup. Han hadde eit fengande og dâmrikt spel og med sær sars god tone i fela.

«Da e gale te å fingra, men da e verre å føre bogjen», skal han ha sagt. Lundekvam var blant dei beste hardingfelespearane på Vestlandet. På kappleiken til Vestmannalaget i Bergen i 1896 vart Gunnar Lundekvam nr. 2, etter Sjur Helgeland. I «Folkebladet» 1896 nr. 18 er det ei livfull skildring frå kappleiken. Det står mellom anna:

«So kom spelemenn fram. Alle vart vel fagna. Men daa Sjur Helgeland og den 81 år gamle Lundekvamen hadde spela, daa bruka det laust med klapping og fagnadsrop so salen stod i eitt vôr. På fremste benk sat Edvard Grieg. Han gledde seg inderleg yver at dei gamle norske slaattane kom til heider og ære att. Og det same gjorde alle som hadde noko vit på det.»

Anders Stedje (1838 — 1910) frå Fjaler var fjerdemann som fekk premie på denne kappleiken. Så sunnfjordingane sin musikk vart vel motteken.

Slåttane var ofte korte, gjerne med berre to vek. Men det var godt driv i dansespelet. Det var bruksmusikk. Dei skulle setje folk i den rette stemning. Lyarslåttane hadde gjerne ein annan dâm. Stillelåt som vart brukt i Jølster i samband med pynting av brura, kunne gå i moll. Dei mange ulike felestillane som vart nytta, var også med på å setje farge på slåttane.

«Når dei ikkje spela slik at eg kjende da i barmen, vyrdest eg ikkje noke på da» var det ein som sa. Paal Fonn sa det slik: «Når du spela ska du faa da te nett so du sete å søje (fortel). Då fyrst bejønne da å verte spel.»

Bergen var den store handelsstaden for Sunnfjord. Og sidan ein hadde hardingfela felles med distrikta sørom, gjekk det meste av musikksamkvemet også i den retning. Mange spelemenn reiste til Vik og Lærdal på marknad for å byte slåttar. Såleis kom m.a. «Rekveen», «Storren», «Hildalen», «Rotnheims-Knut», «Eg er liten eg», «Nordfjorden» og mange fleire, alt i bruk her på 1800-talet.

Trass i at pietismen i åra 1870 — 90 reiv bort ein del av den folkelege song- og musikktradisjonen, var det mykje som var att og som levde vidare. Gunnar Lundekvam hadde mange i lære hos seg. Blant desse var Ola Nos (1849 — 1923) frå Gaular, og Johannes Nedrebø (1854 — 1934) frå Jølster. Begge hadde stor slåttekunne og lærte dette vidare igjen til andre i sine bygdelag.

I tillegg til alt vi kan få frå dei kjeldene som lever i dag, er det samla inn eit rikt materiale som er å finne i arkiv. Chatarinus Elling og Arne Bjørndal samla fleire hundre slåttar og songar frå Sunnfjord.

DANSETRADISJONAR.

Dei eldste dansane vi kjenner til er springar og halling. Alt på 1600-talet hadde dei ein springar som vart kalla «Frampå». Elles vart det dansa «Sjuspringar» og «Langedansen» — også kalla «Endeløysa». Rull var lite brukt i gamal tid.

I eldre tider vart det dansa springar der musikken kunne gå i todelt takt, eller vekslle mellom todelt og tredelt takt. Den jamne dansetakta dei brukte gjer at ein må rekne det som udelt takt. Dansen vart heilt naturleg sjølv om musikken veksla. Dansen vart mange stader kalla for «Jølstring» — eller gjerne berre «springar». Sunnfjord og områda sørover Vestlandet hadde same dansetakt, men kanskje med litt raskare tempo her.

Parhalling, der gut og jente dansa saman, var også brukt. Den kan samanliknast med Aust-Noreg sin gangar, men med eit livlegare preg som til dømes at gut og jente «kruka». Både «Jølstring» og parhalling er det gjort fleire filmopptak av i den seinare tid.

Halling (laus) var her, som elles i landet, brukt for å syne kva kar ein var. Då presten Erik Olsen kom til Jølster i 1864 baud han til gjestebod etter dognad med køyring av flyttelasset frå båten i Førde. Ein av køyrekarane, Anders Øvrebø, var god til å danse halling, og presten ville sjå kva han kunne. Broren, Rasmus Øvrebø, spelte hardingfele. Presten var vel nøgd med dansen og betalte ein halv dalar pluss ein dram for dette.

Frå 1880-åra og utover kom vals, reinlendar, parisarpolka, springpolka, og hamborgar i bruk. Dei vart fort populære og tok meir og meir over i høve til bygdedansane. Berre ein-skilde stader vart dei gamle dansane haldne i hevd. I 1920-åra skipa ungdomslaga til kurs i bygdedans, også Vestlandsspringar. Men denne springaren fekk ikkje noko fotfeste her. Det vart sunnfjordspringar i form etter Ingolv Iversen i Holmedal som vann fram.

I den siste tida er det halde ein god del kurs. Springaren etter Iversen vert dansa over det meste av Sunnfjord. I Jølster er det hovudsakleg Jølstraspringar sem vert brukt. Han går tilliks med sunnfjordspringar etter tredelt takt og er såleis ikkje det same som «Jølstring». Eldre folk snakkar om «gamlespringaren» og «nyespringaren».



Johannes B. Nedrebø (Foto: Biletsamlinga UBB).

Rull som var lite brukt i gamal tid, vert no dansa over heile Sunnfjord. Halling er det færre som vågar seg på. Av gamaldansane har hamborgar teke seg sterkt oppatt etter at dansen i mange år var lite nytta.

GJENNOM SUNNFJORD MED FELESTOKK OG NOTEBLOKK.

Det er — so vidt eg minnest — tridje ferdi inn gjennom Sunnfjord, dette. Eg hev fare frå ytste kanskje til øvste dalbotnane, reke langs fjordane og tråva yver fjell; slite meg frå grend til grend, i rok og fok, vassbløyta og myrker ofte mest åtgadd av strev og møda.

♦♦♦♦

At spel og song hev gamle røter i folkehugen og folkelivet i Sunnfjord vert ein granskar på dette kulturområdet snart yvertydd um. Etter måten hev dette bygdelaget havt mange gjevne spelemennner og folkesongarar. Dei gamle veitsleskikkane var ein grornem jordbotn ikkje berre for slåttar og stev, men osso for visor og tonar, skjem og ålvor. Spelemennene måtte kunna alle tradisjonsbundne brudlaupsslåttar og kjømeistrane likeeins sine festlege brudlaupsvisor og brudevers. Alt dette hev halde seg merkeleg reint og ubrigda i Sunnfjord radt til dei seinaste 15 — 20 år. Eldre folk hev det heile friskt i minne. Og skattegravaren finn ofte meir enn han tore venta.

♦♦♦♦

Når det gjeld slåttane i Sunnfjord er dei gjerne noko stutte, men rytmisk, karakteristisk og tonefriske; stundom naive, men jamt friskdæmde og humorfyllte. Dei hev jamnast ein ekte gamalvoren svip, som syner at spelmenne hev vore noko konservativ når det galdt å byggja vidare på det gamle tilfanget.

Skjemtevisone kann stundom vera komisk morosame og spottande glade. Men på den andre sida kjem dei varme og audmjuke religiøse folketonane med sitt djupe ålvor og si bergfaste øvevon.

Underlægt var det difor heller ikkje at Chatarinus Elling fann mykje av sitt beste tilfang her. Og underskrivne hev likeeins funne mange veråfulle tonar og slåttar i desse fjordar og dalar.

♦♦♦♦

Sunnfjordingane er både framtøke, gløgge og gåverike folk. Dei er gjerne litt «atknappa», stundom litt seine i snuen, kanskje. Men vert ein fyrst retteleg kjend med lynde og lag, livssyn og tenkjemåte, hev ein både hugnad og lærdom av å tala og ordskiftast med dei. Den nedervde kulturen held enno fast tak i det eldre ættled; det er so tradisjonstrygt og bonde-traust det heile. Og serleg når det ber oppetter dalane finn ein framleis mangt på den gamle gjerdi.

♦♦♦♦

Når det gjeld folkekunsten kunde ei mengd namn nemnast. Og av spelkunstnarar nemner eg namn som Gunnar Lundekvam, Anders Steie, Klemet Espeset, Pål Fonn, Abraham Melvær, Ola Viken, Søren i Gjerde, Spel-Øystein, Dankert Bostnem og mange fleire. Og av nolvande eldre Johs. Nedrebø, Edvard Brøndehaug og Bertel Rasmussen (Haugen), som no bur i Bergen. Av unge lovande spelemennner må i fyrste rekkja nemnast Torfinn Liltleré og Anders Viken. Arne Rivedal, Ingolf Vindheim, Nils Furnes og sume andre.

Arne Bjørndal i Gula Tidend 20/3 -32. (Utdrag.)

SONGKJELDER



Albert Joleik (Foto: Biletsamlinga Sunnfjord Museum).

Albert Joleik,

(1880 – 1968), Eikefjord/Naustdal.

Bladmannen og sogeskrivaren Albert Joleik kjem opprinneleg frå Eikefjord i Flora kommune. Han tok filologisk embetseksamen og arbeidde i kortare tid ved lærarskulane i Levanger og på Stord. I sitt mangslungne liv var Joleik m.a. skatteoppkrevjar og landmålar for den belgiske stat i Kongo.

Han gav nokre år ut sitt eige blad, «Spegjelen», i Trondheim, sidan var Joleik ca. 10 år i «Gula Tidend», ein del av dette som redaktør. Frå 1923 til 1940 gav han ut sitt eige blad, «Fjordaposten», i Bergen. Då krigen kom, busette han seg på fjellgarden Kleppstølen i Naustdal.

Etter krigen heldt han seg mykje i Bergen der han granska i statsarkivet. Han har skrivne Sunnfjordsoga i to bind og bygdesoger for fleire kommunar. Dette dreiv Joleik heilt til sitt siste år.

Han var ivrig målmann og elles ein uredd stridsmann på ymse område. Joleik var ein særmerkt person som det går fråseg og mange historier om. Han var ungdomleg både i kropp og sinn sjølv på sine eldre dagar. I bygdelaga i Bergen var han fast på dansar o.l. I det heile hadde Joleik stor interesse av tradisjonar og historie.

SONGTRADISJON I SUNNFJORD.

Frå gamal tid har vi få eller ingen opplysningar om songtradisjonen i Sunnfjord. Men det ligg likevel nær å tru at den vokale folkemusikken levde i beste velgåande i alle bygdelag. Her — som andre stader — var songen ein viktig del av folk sitt daglegliv både i kvardag og fest. Ja, songen var nok så innarbeidd som naturleg del av alle slag gjeremål at songarar vanlegvis var lite påakta. Utøvarane var ikkje sett på som noko særskilt.

Som andre stader i landet hadde ein faste songar og stev i ulike samanhengar, t.d. på stølen, i bryllaup, i gravferd, ved vogga o.s.b. Men songane vart og ofte nytta i andre høve enn dei var tiltenkte, t.d. vart slåttestev og gjetarviser ofte sunne og tralla til ungane om kvelden. Etter kvart som samfunnet endra seg, fall dei naturlege rammene for nokre av songtypane bort, (t.d. lokkar og setervisar). Mange av desse songane er gått i gløymeboka, men nokre har blitt tekne vare på ved at dei vert brukte som t.d. barneviser.

Den religiøse rørsla stod og står sterkt mange stader i Sunnfjord-bygdene. I den mest pietetiske tida (ca. 1870 — 90) kom nok bort mange slag viser og vers saman med mange av dei «syndens» feleslåttane som vart nytta til dans. Men dei religiøse tonane hadde ei oppblomstring i denne tida.

Mange av dei gamle religiøse tonane fall likevel ut etterkvart som orgelet kom i bruk i kyrkja, og det er ikkje alle stader like lett å finna nokon som meistarar den gamle toneføringa lenger. Med bedehusmiljøet kom det og ein ny type religiøs songstil både når det galdt tekstinnhald og toneføring.

Det er få songarar som er nemnde med namn i dei eldste skrivne kjeldene vi har. På 1800-talet er det helst namn på kjømeistarar vi finn, og kjømeistartradisjonen har då òg stått sterkt i sunnfjordbygdene heilt fram til våre dagar.

Av kjømeistarar som verka på 1800-talet kan vi nemne Søren Nes (1855 — 1925) frå Gaular og Rognald Øvrebø (1820 — 1903) frå Jølster. Søren Nes skulle vere særst særst til å syngje «Alle er no døde». Om denne songen kunne høve i bryllaupa i dei dagar, skal vera usagt.

Songane har gjerne eit religiøst innhald og

mange har eit stivt og oppstylta språk. Ei av oppgåvene var å skjenke på «skåladagen». Det hende nok at kjømeistaren sjølv kunne få ein dram for mykje. Ein kjømeistar i Jølster knuste ein gong mest «ti glas i eitt renne», vert det fortalt. Men elles måtte dei stort sett halde seg klare, skulle dei greie å skjøtte alle gjere-måla dei hadde i bryllaup.

Både i bryllaup og anna lag, også i likvakene (!) var det dans og spel. Nokre likvaker var tunge og alvorsame, og dei gamle song heile natta. Men somme tider kunne ungdomen driva med kortspel. Dei spelte på kisteloket så det small, vert det fortalt, eller dei dansa og spelte til liket fekk nok og rymde på dør!

Ein finn elles eit rikt utval av små stubbar og stev til danseslåttane som vart brukte. Dansarane kunne ofte tralle heile slåttane. Ingeborg Holsen frå Løset i Jølster (d. 1876) var flink til å spele munnharpe og syngje, og ho lærde spelemannen Ludvik Holsen mange slåttar.

Tema frå både voggeviser og religiøse folketonar kan ein finne att som motiv i feleslåttane. Songarar og spelemenn har tydeleg påverka kvarandre. Jonas Aasnes (1891 — 1969) frå Fjaler, er ei av dei rikare kjeldene når det gjeld slåttestev. Han hadde også mange barnsullar, kjømeistarviser o.a. Slåttesteva vitnar om at spelemenn og songarar har fått påverknad frå mange stader, gjennom kramkarar, handels- og marknadsferder o.l.

Voggeviser og bårsullar finst det og eit rikt utval av i det innsamla folkemusikkstoffet frå Sunnfjord. Dei ulike variantane frå bygdelag til bygdelag, ja endåtil frå gard til gard, syner at visene har vore mykje brukte, tilpassa det lokale miljøet, og utforma etter utøvarens sitt lag og lynne. Ofte vart det vel improvisert på ståande fot både lokkar og voggesullar etter som det fall seg.

Mange av visene frå Sunnfjord har eit humoristisk preg som vitnar om ein sterk og livleg humor hjå folk på bygdene, trass i ei ofte streng og alvorsam kristentru. Slåttesteva og dei nyare bygdevisene kan vere både spitige og morosame. Eldre folk som kjenner dei lokale tilhøva, kan enno minnast bakgrunnen for bygdevisene.

Anna Karina Stang,
f. 1899, Stongfjorden i Askvoll.

Anna Stang er ein fin representant for det ein kan kalle barne- og gjetleviser. Kjelda hennar er bestefaren, Kristian Bendiksen Stubseid (1831 — 1908), som ho lærte av då ho var jentunge. Ho har ført tradisjonen vidare ved å syngje dei til sine born. Gunnar Stubseid gjorde opptak med Anna Stang, og mange av desse er gitt ut i bokform («Tippe, tippe tue». Red. Gunnar Stubseid, Norsk Folkeminnelag).

Anna Stang har nytta songane heime. Det var til husbruk, ikkje i lyd og lag sjølv om den klåre røysta godt tolde høyrast i offentlege samanhengar. Ho har vore husmor og bondekone. Det var fullt opp å gjere på eit lite gardsbruk. Songen har fylgt henne i arbeidet og gjer det framleis.



Anna Karina Stang.

Jonas Aasnes,
(1891-1969), Fjaler.

Jonas Aasnes frå Åsnes i Fjaler er ei av dei rikaste songkjeldene frå Sunnfjord. Han hadde eit stort og variert repertoar. Arne Bjørndal gjorde over 60 opptak med han, av slåttestev, barneviser, kjærleiksviser, skjemteviser og kjømeisterarsongar.

Jonas Aasnes var ein aktiv mann. Han starta Åsnes Skifabrikk saman med tre av brørne sine. Han var og med i kommunepolitikken og i ymse organisasjonsarbeid, mellom anna ungdomslag og sogelag, og fekk Kongens fortene-temedalje for samfunnsnyttig arbeid.

Ottar Wiik
(f.1952), Vaksdal/Vik.

Ottar Wiik kjem opprinneleg frå Vaksdal i Nordhordland. Han har slått seg til i Vik i Sogn der han arbeider som arkitekt. Wiik har til no laga nærmare 50 visetekstar, halvparten av desse også med eigen melodi. Nokre er å finne i visebøker, men «Statistikkvisa» som vi presenterer skal vere den første som er med på noko plate.

Wiik er ein kulturell forkjempar for det norske. Om ein kan snakke om eit føredøme, set han sunnfjord-diktaren Jakob Sande svært høgt. Sande er omtykt av mange, og Ottar Wiik har etter kvart også vunne seg mange tilhengjarar. Begge kan seiast å føre vidare folkeleg forteljar og song-tradisjon med tekstar som både inneheld humor og ironimed litt alvorlege undertonar. Stoffet er som regel henta frå dagleglivet.

Blant dei mest nytta Wiik-visene er «Snikkar-song», «Ei visa frå omnskroken» og «Smala-visa». Desse er gjerne med når han sjølv er ute med program. Ottar Wiik har m.a. reist for Folkeakdemiet saman med eit eige turneensemble, og har elles samarbeidd med Skjerpehaug-Kvintetten.

SLÅTTEKJELDER

Sigmund Eikås

(f.1947), Jølster.

Ingen som har sett og høyr Indre Sunnfjord spelemannslag er i tvil om kven som er musikalsk leiar. Sigmund Eikås er det naturlege samlingspunktet, som han har vore dei fleste åra laget har eksistert. Sigmund er bonde av yrke, jordnær men med klare mål for det vi driv med. Han veit kva laget og den einskilte maktar til ei kvar tid, og legg opp slåttar og lærestoff eit lite hakk over for gradvis å kome vidare i utviklinga.

Korleis Sigmund får tid til alt attåt drifta av ein stor gard saman med kona Elsa, er ei gåte for mange. Til glede for folkemusikken sa han takk for seg i kommunepolitikken i Jølster for nokre år sidan. Og etter den tid har **all** fritid gått med til å dyrke den store interessa. Det meste går med til å legge til rette og hjelpe andre. Sigmund har gjort ein utruleg innsats for folkemusikken både i spelemannslaget, i Sogn og Fjordane og vi kan trygt føye til på landsplan.

Etter at andre overtok ansvaret for administrasjon av laget, engasjerte Sigmund seg i Sogn og Fjordane folkemusikklag m.a som leiar, og vart vald inn i styret for Landslaget for spelemann der han no er nestleiar. Sigmund har etter kvart fått eit namn som instruktør også utanom spelemannslaget, og han er etterspurd over store deler av landet.

Mange har vist å setje stor pris på folkemusikkutøveren Sigmund Eikås. Ikkje minst dansarane likar å trø takta etter det drivande spelet. Han var sjølvlærd til 20- års alderen, og deretter ei tid hos Sigbjørn Bernhoft Osa på Voss. Den han har fått mest frå når det gjeld slåttar og inspirasjon er likevel Lars Skjervheim. Sigmund spelte seg opp i A-klassen i 1971, og har sidan oppnådd ei rekkje 1. premiar på Landskappleiken, og gått til topps i tevlinga m.a på Vestlands- og fylkeskappleikar og Jørn Hilmestemna.

Når Sigmund Eikås i sommar avslutta eit halvårseining i musikkutdanning, var det først og fremst for å ha betre grunnlag å drive med opplæring og vidareutvikling. Han har no timar som lærar i Førde kommunale musikkskule attåt bondeyrket og anna aktivitet.

Komponisten Sigmund Eikås er førebels lite kjend. Men dei siste åra har det vorte eit titals eigne slåttar. Noko av dette er med på plata. Ein god del av det spelemannslaget har på repertoaret er også foredla/bygt ut av Sigmund frå eldre slåttar. Kanskje inspirasjonen kjem i arbeidet mellom husdyra eller i skogen? Komponisten i spelemannen og bonden kjem vonleg endå meir fram i åra framover.



Sigmund Eikås.


Anders Viken,
(1898 – 1977), Jølster.

Anders Viken fekk tidleg interesse for felespel, og alt i 11-års alderen var han med og spelte i bryllaup. Faren, Ola Viken, spelte hardingfele, og av han fekk Anders lære dei gamle jølstraslåttane. Etter kvart vart det musikken som fanga all hans interesse. Han ville verte muskar, men faren sa nei. Det var ikkje rekna for noko gjevande yrke.

Etter eit år på Voss folkehøgskule og lærarskulen i Volda, vart han lærar i Jølster og arbeidde der til han gjekk av med pensjon. Attåt læraryrket og småbruket vart det tid til mykje musikk. Alt i 12 – 13-års alderen hadde han synt gode evner i å komponere. Etter kvart vart den tradisjonelle spelestilen for trong. Viken tok i bruk teknikk frå klassisk fiolinospel som vibrato og posisjonsspel med dobbeltgrep. Dette kom til å prege dei fleste av dei vel 450 slåttane og tonestykka han laga.

Anders Viken hadde naturleg anlegg for felespel. Sjølv det vanskelegaste verka lett og naturleg når han spelte det. Dette kom også til uttrykk i slåttane hans. Dei set store krav til utøvaren både fingerteknisk og i bogestrøka. Det er stor spennvidde i komposisjonane, frå mjuke tonestykke som «På gamle stølstufter» til den høgtidssame «Jølstrabrura» og den viltre «Sinnataggen». I tillegg til gamaldansslåttane, tonestykka og brudeslåttane laga Viken om lag 50 springarar og hallingar.

Viken vart mykje nytta til speling i lyd og lag rundt om i bygdene, særleg då til underhaldning. Og folk sette stor pris på det han gav dei. Og når Anders Viken sin komposisjonar vert spelte i dag, kjem det gjerne ei eiga stemning i forsamingane.



Anders og Arne Viken.

Arne Viken
(f.1925), Jølster / Mo i Rana.

Som son av Anders Viken vaks Arne opp i ein heim der musikken var ein naturleg og viktig del av dagleglivet. Han byrja å traktere fela allereie som 6-åring, og lærte snart dei fleste av faren sine slåttar. Som 10-åring drog han ut og spelte ilag med faren i bryllaup. Mange spelemenn vitja heimen der Arne vaks opp. Tidleg fekk han møte dyktige spelemenn både frå Jølster og Breim, m.a. Paulen-brørne, Per Støyva og Gabriel Reed. Både hardingfele og vanleg fele lydde i huset, og både folkemusikk og klassisk musikk vart nytta.

Etter musikkstudiar i Bergen og ved konservatoriet i Oslo, dreiv Arne som profesjonell muskar i Oslo ei tid der han engasjerte seg i mange samanhengar; frå operaorkester til gamaldansensemble. I 1952 flytte han til Mo i Rana og opna musikkforretning der. Han har likevel sitt

arbeidsfelt over det meste av Noreg. Både som kjennar og forhandlar av fiolar og hardingfeler og som instruktør, solist, dirigent og foredragshaldar er han stadig på farten både i inn- og utland.

Men han gløymer ikkje heimfylket sitt; dei siste 8 åra har han vore på årvisse gjesting som instruktør for «Viken-kurset» der faren sine komposisjonar har vore hovudtema. Arne Viken er sjølv komponist, og vi nyttar ein av hans melodiar på plata.



Moses (t.v.) og Adolf Paulen.

Moses Paulen (1893-1979), Jølster.
Adolf Paulen (1912-1976), Jølster.

Moses og Adolf Paulen kom frå ein syskenflokk på ni. Heile seks brør spelte på fele. Musikken hadde ein sentral plass i familien, og Paulen-brørne vart etterkvart svært etterspurde til speling i ulike samanhengar både einskildvis og to eller fleire saman. «Pauls-musikken» vart eit omgrep på våre kantar.

Det var Moses, Adolf og Petter som dreiv det lengst. Alle desse var dyktige både som spelemenn og komponistar. I motsetning til dei fleste andre i Sunnfjord nytta dei vanleg fele, slik det også har vore tradisjon i Breim, nabobygda i nord. Mykje av kontakten gjekk difor dit.

Moses samla dei fleste slåttane; han lærte slåttar m.a. hjå Anders Reed, og notar hjå Gabriel Reed. Ynskjedraumen til Moses var å bli profesjonell muskar, men det var ikkje lett å få til på den tid. I dag kunne sikkert fleire av brørne nådd langt i den retninga. Både Moses og Adolf vart gardbrukarar; Moses overtok farsgarden i Paulen, og Adolf «gifta seg til gard» på Ålhus.

Sjølv utan utdanning hadde både Moses og Adolf framifrå teknikk på fela. Av slåttane dei komponerte vart mange svært omtykte. Moses var den mest produktive og laga nærmare hundre slåttar.

Sigfred Øvrebø,
(1914-1986), Jølster.

Sigfred Øvrebø kom frå Ålhus i Jølster, der han var gardbrukar til han vart pensjonist og flytta til Førde. Han lærte å spele fele av faren Reinhart Øvrebø som smågut. Det var elles mykje song og musikk i heimen der Sigfred vaks opp. Faren song og tralla ofte til borna, både songar og slåttar. Sigfred brukte og slåttar etter naboen Rasmus Øvrebø og Paulen-brørne. Han spelte både bygdedans- og runddansslåttar, men det var nok runddansmusikken og særleg «Pauls-musikken» som låg hans hjarte nærast.

Sigfred var svært interessert i musikk. Notekunnskap og anna musikkteori lærte han i skulen av lærar Hermod Thune. Han spelte fleire instrument i tillegg til fele: Under konfirmantførebuinga fekk han orgelundervisning, og han var organist i Ålhus kyrkje i 6 år. I 1945 vart det skipa musikklag med 8 medlemmer på Ålhus, der Sigfred «sekunderte» på cello. Han var og medlem i blandakor og var kordirigent i 1930- og -40-åra.

Erling Sandal

(f.1922), Jølster.

Erling Sandal er gardbrukar i Sandalen i Jølster. Han kjem frå ei slekt med mange dugande spelemenn. Hardingfelespel har han lært av faren Nikolai Sandal (1883-1971) som hadde mange særmerkte Jølstraslåttar. Nikolai var stor og kraftig og vart difor kalla «Store-Sandalen».


Nikolai og fire av farbrørne til Erling var alle dyktige spelemenn. Dei spelte i bryllaup og til dans elles kvar for seg og stundom saman. Nikolai vart rekna som den beste av dei. Han hadde drivande dansetakt og god klang i fela. Syskenbarnet til Erling, Knut L. Sandal (1915-1964), var o'g ein flink spelemann, og Erling og Knut spelte ofte i lag. Arne Bjørndal gjorde opptak med både Nikolai og Knut L. Sandal.

Nils Furnes

(f.1901), Gaular/Bergen.

Nils Furnes vaks opp i Gaular. Som 9-åring høyrde han farbroren Ola Nos (1849-1923) spele i eit bryllaup, og dette gjorde sterkt inntrykk på han. Nils fekk lære slåttar av farbroren, Spelar-Ola som han vart kalla, og han er den einaste nolevande spelemannen som har lært slåttar direkte av han. Spelar-Ola hadde sine slåttar etter faren Nils og etter Gunnar Lundekvam (1820-1912).

Som 23-åring reiste Nils Furnes til Bergen, og har budd der sidan. Han var ein av skiparane av eit spelemannslag der i 1929, det som seinare vart spelemannslaget Fjellbekken. Der har han vore medlem fram til i dag. I Bergen spelte Furnes saman med m.a. Arne Bjørndal som også gjorde mange opptak med han. Furnes har elles spelt inn slåttar for NRK.



Nils Furnes.

Einar Bakkane

(1907-1973), Naustdal.

Einar Bakkane vaks opp i Solheimsdalen som då høyrde til Naustdal kommune. Den fyrste opplæringa på fela fekk han av faren i 8-9 årsalderen. Seinare kom han i arbeid hjå Valton Torvik i Ervik. Torvik var frå Møre og Romsdal. Han var ein dugande spelemann. Einar lærte både slåttar og notar hjå han. Einar hadde o'g slåttar etter Ola Fauske, Ola Espeland, Ludvig Gjesdal og Ola Nos.

Einar Bakkane var ein svært flink og etterspurd spelemann. han var særskild kjend for god dansetakt og driv i slåttane. Ingen kunne sitje i ro når «Bakken» drog opp ein hivande reinlendar!

Berrre 21 år gammal fekk Einar øydelagd venstre peikefingeren. Han slutta med spelina ei tid, men etter eit par år byrja han på att. Den skada fingeren hemma han nok, men han utvikla etterkvart ein god teknikk for å meistre problemet.

Einar Bakkane var med på fleire kappleikar. Han var med å skipe Indre Sunnfjord spelemannslag i 1968, og var den fyrste musikalske leiaren i laget. Sidan vart han medlem av Naustedalen spelemannslag.



Einar Bakkane.

Indre Sunnfjord spelemannslag

Indre Sunnfjord spelemannslag vart skipa 27. desember 1968 med John Grov frå Førde som formann. Einar Bakkane var første musikalske leiaren i laget. Etter kvart overtok Sigmund Eikås, og han har framom nokon sett sitt preg på utviklinga av spelemannslaget og einskildutøvarar. Og det er neppe tvil om at laget har hatt framgang, både i kvalitet og breidde.

Det som for berre nokre år sidan var utenkjeleg å prøve seg på, er no ein naturleg del av repertoaret. Det gjeld i slåttemusikken og ikkje minst gammaldansmelodiar med posisjons-spel. Sameleis synest vi det er heilt naturleg å stå fram med folkeleg song når laget har program. Vi streva nok litt i starten, men no er det sjølvsagt at Indre Sunnfjord spelemannslag skal drive med slikt også. Det gjev fin avveksling for oss, og publikum set tydeleg pris på variasjonen som gjerne kjem som ei overrasking på mange. Fleire av medlemene er elles aktive dansarar, og laget prøver å stimulere andre til å bli med i bygdedansane.

Indre Sunnfjord spelemannslag har satsa på årlege kurs sidan starten, i tillegg til vanlege øvingar. Lars Skjervheim frå Voss er den som har vore fliggast gjest som instruktør. Han har tilført einskildutøvarar og laget i heilskap mykje som inspirerande læremeister. Elles har vi hatt vitjing av m.a. Torleiv Bolstad, Leif Rygg, Knut Hamre og Odd Bakkerud.

Dei fleste som var med då spelemannslaget vart starta, er etter kvart gått frå. Men fleire har kome til, og hovudlaget tel no kring 25 aktive utøvarar. Veteranen framom noko er Dagfinn D. Aamot som nærmar seg 81 år, og som er einaste æresmedlem i laget. Elles er vi eit forholdsvis ungt lag. Rekrutteringa har først og fremst skjedd gjennom kurs for nybyrjarar. For to år sidan starta vi to nye kurs som pågår framleis, eitt for born og eit kurs med deltakarar frå tenåra og godt opp i vaksen alder. Dei nye vil venteleg syte for at spelemannslaget tek nye skritt framover. Det viktigaste for oss er likevel å kunne vere med på ein aktivitet som gjev glede for vår eigen del og som kan gje noko også til andre, samtidig som vi tek vare på og utviklar ein viktig del av kulturarven.

Sunnfjord har rike tradisjonar innan folkemusikk. På den første plata som kom ut i 1984, presenterte vi noko av dette. Men det er mykje å ta av, og med denne andre plata vonar vi å få gitt fleire smakebitar. Kanskje gjev dette meirsmak både for dei som likar dei eldste formene som springar og halling, og dei som set størst pris på gammaldansen. Vi får vår del ser inga motsetning mellom gamalt- og nyare stoff som blir formidla i pakt med tradisjonane, anten det er spel eller song — eller ein kombinasjon av dette.

Andre opplysningar:

Hilde Bjørkum, Sigmund Eikås og Jostein Aardal har skrivne om tradisjonar, kjelder og slåttar på dette plate-innlegget. Mykje er henta frå munnlege kjelder, i tillegg til skriftleg materiale. Forkortinga UBB under biletet står for Universitetsbiblioteket i Bergen. Montasje: Yngve Årdal, Firda.

*** SIDE A ***

1. Slettvals etter Einar Bakkane.

Einar Bakkane var kjend for å vere ein svært god dansespelemann. Han hadde mange slåttar etter Ola Nos (1849-1923) frå Gaular. At slåtten ber nemninga «slettvals» tyder på at han er gammal.

Dei fyrste valsane som kom i bruk vart kalla slettvalsar, fortel eldre kjelder. Dansemåten skal og ha skilt seg noko frå slik vi trør valsen i dag. At denne slåtten har 10 og 11 takter i skifta istaden for 8 eller 16 som er det mest vanlege i dag, peikar og mot at dette er gammalt slåttetilfang.

Spel: **Heile laget.**

2. Naustvikdansen (reinlendar).

Arne Viken frå Jølster kan kvittere som komponist for denne spreke reinlendaren. Han fekk ideen til slåtten ute på sommarstaden sin på Helgelandskysten rundt 1978.

Arne Viken har vore læremeistar på åtte «Viken-kurs» i Sogn og Fjordane, der deltakarane mellom anna har fått bryne seg i posisjonsspel. Lærdomen frå desse kursa får vi god nytte av i denne slåtten, som nærmast er blitt «varemerke» for Indre Sunnfjord spelemannslag dei siste åra.

Spel: **Heile laget.**

3. Hamborgar etter Einar Bakkane.

Også her er det Ola Nos frå Gaular som er Einar Bakkane si kjelde.

Denne hamborgaren lærte han rundt 1920.

Bakkane var spelleiar i Indre Sunnfjord spelemannslag då lagt vart skipa i 1968. Seinare vart han medlem i Naustedalen spelemannslag.

Spel: **Heile laget.**

4. Ola va' long (slåttestev og springar).

Slåttestevet har vi etter Anna Karina Stang frå Askvoll. Ho lærte denne humoristiske stubben av bestefaren Kristian B. Stubseid rundt 1907. Variantar av det same tekstinnhaldet kan vi finne att hjå andre kjelder i Sunnfjord.

Sigmund Eikås har bygd vidare på melodimotivet slik at det er blitt ein springar som ligg godt for hardingfela.

Song og spel: **Heile laget.**

Solist: **Oddvin Haugland.**

Arr.: **Hilde Bjørkum.**

*Ola va' long og geita ho sprong
meine du e' ska'kje nå deg.*

Når e' de' no, so e' du no mi,

no e' da på dan rette pylsetid,

no e' da på dei tide,

geitene dei ska'kje.

Hei, opp i ring, Olaguten min,

franskbrennevin vil e' gje deg inn.

Osten va' hard, kaka va' rå,

kniven va' tjukk, han beit ikkje på,

:/:Sudelidudelideia:/:

5. Presten han preika (slåttestev) /

Preikaren (halling).

Denne slåttestevet har vi etter Albert Joleik frå Eikefjorden i Flora. Han hadde mykje kontakt med Arne Bjørndal, og song inn til han i 1958, mellom anna dette vesle verset. Vi har kopla det saman med ein halling av Sigmund Eikås som har fått namnet «Preikaren». Sigmund er ikkje berre tradisjonsberar av folkemusikken i Sunnfjord, han er og nyskapar. Denne slåtten laga han i 1985.

Song og spel: **Heile laget.**

*Å, presten han preika
og klokkaren han song,
og kjetta ho dansa
so rompa ho slong,
den stokkete visa
va' aldri so long.*

6. Larstunen (springar).

Sigmund Eikås laga denne springaren rundt 1980. Bjarte Øvrebø har kalla slåtten for «Larstunen». Garden der Sigmund bur er kalla «Larstunet», og Sigmund er og blitt kalla «Litje-Larstunen» og «Larstunen» no når han er den eldste i garden. Slåtten går på «bestemt stille» eller «ljoseblått» som felestillet vert kalla somme stader. Det finst og andre slåttar i tradisjon frå Jølster der dette stillet vert brukt.

Felestille: G-D-A-D/D-E-G-A.

Hardingfele: **Sigmund Eikås.**

7. Utsyn frå Vikastøylen.

Anders Viken frå Jølster komponerte denne slåtten i 1974. Naturopplevingar påverka ofte komposisjonane hans. Vikastøylen høyrer til garden der Anders Viken budde. Stølen ligg fint og fritt til, og derfrå kan ein sjå heile Jølstravatnet, fjellpartia sør om Førdefjorden og Nordfjordfjella om ein vender blikket nordover.

Sonen til Anders, Arne Viken har arrangert melodien for to stemmer.

Spel: **Heile laget.**

Arr.: **Arne Viken.**

8. Grungen (masurka/springpolka).

Moses Paulen frå Jølster laga nærmare hundre slåttar, og dette er ein av hans komposisjonar. Slåtten har namn etter ein stad i Jølster, der vegen tek av ned mot Paulsvatnet.

Masurka slik mange kjenner dansen i dag var ikkje vanleg på våre kantar. Her vart det dansa «polka», «polkamasurka» eller «polka med støyt». Springpolka som kom seinare vart og kalla «sluskepolka», kanskje fordi dansetypen kom med anleggssluskar.

Spel: **Heile laget.**

9. Brureslått etter Erling Sandal.

Erling Sandal frå Sandal i Jølster lærte denne slåtten av faren, Nikolai Sandal (1883-1971). Nikolai vart rekna for å vere ein svært god spelemann med drivande dansespel og stor klong i fela. Det er blitt sagt at Sigmund Eikås spelar svært likt Nikolai eller «Store-Sandalen» som han vart kalla. Dei to er og i same slekta: Nikolai og bestefar til Sigmund var brør.

Hardingfele: **Sigmund Eikås.**

Synthesizer: **Hilde Bjørkum.**

Arr.: **Hilde Bjørkum.**

*** SIDE B ***

1. Statistikkvisa

Ottar Wiik har æra for både tekst og melodi til denne visa. Han kjem frå Vaksdal i Nordhordland, men er no busett i Vik i Sogn der han driv som arkitekt. Wiik har «snekra» saman mange viser som er mykje omtykte i vårt fylke, og etter kvart utover landet elles.

Dei underfundige tekstane med folkeleg preg er kjennemerket til Wiik. Han set sjølv svært stor pris på Jakob Sande, og for «folket her i detta fylket», som det står i visa er det ikkje vanskeleg å dra visse samanlikningar i innhald.

Song: **Jostein Aardal og Hilde Bjørkum.**

Trekkspel: **Rune Lotsberg.**

Hardingfele: **Hilde Bjørkum.**

Gitar: **Joar Solheim.**

Bass: **Egil Svidal.**

Arr.: **Hilde Bjørkum.**

*Folket her i detta fylket
e' so og seia lytefritt,
du kan berre sjå i statistikken
dar står da skreve svart på kvitt.*

*Her er so og seia ikkje kriminalitet
og når me lyg og stel
so gjer med da med vet!
:/: Før da står i statistikken
og då må da vera sant.:/:
Graset her hjå oss e' grønast
da e' noke so me alle veit,
da e'kje mange andre fylke
so ha' so mykje sau og geit.
Du ser dei øve' alt i fjosa og i fjell
og somme tå dei sit i styre og i stell !
Refr.*

*Her leve me te me vert gamle
og somme mesta vel so da,
og gammalost har me på maten
so da syne seg at da e' bra.
Me held oss te da sjette bodet her hos oss,
og greie me'kje da so reise me te Voss!
Refr.*

*Men når da så gjeld slike laste
so brennevin og akevitt,
så er her ikkje mykje handel
sjøl om da e' portofritt.
Somme seie at med laga da te sjøl
og putla på og bryggja heimebrygg og øl!
Men da står ikkje i statistikken
og då kan da'kje vera sant,
nei, da står ikkje i statistikken
og då kan da'kje vera sant.*

2. Minne frå Paulen (reinlendar)

Adolf Paulen har laga denne slåtten som er eit godt døme på musikkstilen Paulen-brørne hadde. Dei 6 brørne som alle spelte fele vaks opp i Paulen inst i Jølster. Denne lettlege reinlendaren skulle tyde på at Adolf har hatt gode minne frå heimstaden sin.

Spel: **Heile laget.**

3. Hastverksvalsen.

Denne valsen laga Sigmund Eikås i 1986. Sigmund har mange jarn i elden. Utanom yrket som gardbrukar er han m.a. timelærer i musikkskulen og aktiv både som utøvar og organisasjonsmann innanfor folkemusikken. Som vanleg hadde han hastverk då denne slåtten vart til, og etter ein roleg start verkar det som sjølv melodien og får hastverk etterkvart !

Spel: **Heile laget.**

4. Eg skulle stad å kjøpa rug.

Visa om den slemme kjerringa finst i mange variantar både i Sogn og Sunnfjord. Jostein har denne utgåva etter Hallvard Hesjevoll (1899-1972) frå Jostedal i Luster. Han hadde lært den av far sin.

Song: **Jostein Aardal.**

*Eg skulle stad å kjøpa rug,
so kjøpte eg ei gamal kjering.
Alder so kom eg den rugen i hug,
og alder han meg bekomme.
Alder har eg hatt nattero hell' dagen god
for den slemme kjeringjo.*

*Første natti eg med ho låg
då beit ho meg i sida,
alder har eg hatt større verk
og alder større kvida.*

*Andre natti eg med ho låg
då beit ho meg i armen,
alder har eg hatt større verk
og alder større harmen.*

*Tridje natti eg med ho låg
då beit ho meg i låret,
alder har eg hatt større verk
og alder større såret.*

*Fjorde natti eg med ho låg
då beit ho meg i storetåa,
alder har eg hatt større verk
og alder større vaa.*

*So kjøpte eg meg ein borkut hest
og ville til bispen rida,
so kjøpte ho seg ei skabbete merr
og følgde meg tett ved sida.*

*So kjøpte eg meg ein færingbåt
og rodde meg ut på havet,
so tok ho seg eit knåatrag
og rodde seg sjøl te grave.
Og sidan har eg hatt nattero og dagen god
for den slemme kjeringjo.*

5. Brureslått etter Sigfred Øvrebø.

Bjarte har lært denne slåtten etter far sin, Sigfred Øvrebø (1914-1985) og bestefaren Reinhart Øvrebø (1882-1968) frå Ålhus i Jølster. Bestefaren brukte å ta Bjarte på fanget og tralle slåtten for han. Reinhart lærte slåtten av sin bestefar, Rognald Øvrebø (1820-1903) som tralla slåtten til borna når dei skulle sova. Rognald verka elles som kjømeistar på 1800-talet.

Hardingfele: **Bjarte Øvrebø.**

6. Sødeste pige.

Denne visa har vi etter Jonas Aasnes frå Fjaler og Bendik Sørestand frå Høyanger. Jonas Aasnes var eit oppkomme av viser, songar og stev. Denne visa lærte han av ungdomar i Fjaler rundt 1910. Melodien er kjend i ulike variantar fleire stader i landet. Den har og vore spelt som danseslått på fele slik vi gjer her.

Song og spel: **Heile laget.**

Arr.: **Hilde Bjørkum.**

*Sødeste pige kan du meg sige
haver jeg gjort deg noget imod.
Si meg årsaken hvorfor du plager
meg med så spotske ord.
Si hvorfor er du bleven så kry
rett som du ville bort fra meg fly.
Jeg på dine fakter slett ikke akter
mere enn stein og muld.*

*Skulle det rinne henne i sinne
at hun ville elske igjen,
Tralalala...*

*Da bliver jeg av hjertet så glad,
intet i verden skiller oss ad.
Førenn det behager Gud om å tage
sjelen til himmelen.*

7. Halling etter Nils Furnes.

Nils Furnes er den einaste nolevande spelemannen som har lært slåttar direkte av Ola Nos. Ola Nos (1849-1923) var frå Lundekvam i Gaular. Han var farbror til Nils Furnes, og brorsonen fekk mange slåttar med som ballast før han for til Bergen som 23-åring. Denne hallingen er ein av slåttane etter Ola Nos eller «Spelar-Ola» som han vart kalla.

Hardingfele: **Sigmund Eikås.**

8. Reinlendar etter Nils Furnes.

Nils Furnes har også denne slåtten etter farbroren Ola Nos. Ola Nos lærte slåttar av faren Nils, og av Gunnar Lundekvam (1820-1912).

Spel: **Heile laget.**

9. Hamborgar etter Einar Bakkane.

Denne hamborgaren er og i tradisjon etter Ola Nos. Einar Bakkane er vår kjelde. Hamborgaren var ei tid mest ute av bruk i Sunnfjord, men no svingar dansarane seg til friske hamborgartakter att.

Spel: **Heile laget.**

10. Marsj i mars.

Vi takkar for oss med ein marsj full av vårleg optimisme laga og arrangert av Sigmund Eikås våren 1987. Sigmund har teke halvårseining i musikk på fritida dette året, og denne slåtten vart laga med tanke på bruk i ensemblepeltimane.

Hardingfele: **Sigmund Eikås.**

Tussefløyte: **Rune Lotsberg.**

Arr.: **Sigmund Eikås.**